



Referat

Årsmøte i Vassvøri sogelag 21.mars 2022 kl. 18.00 i Heradshuset på Evanger

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte velkomen. Det møtte 17 medlemmer.

Møtelyden starta med 1 minutt stille for dei som var gått bort: Olav K. Mestad, Olav Århus, Anders Nesse og Knut Hjørnevik.

Årsmøtesaker:

Som ordstyrar vart valt Grethe Finsrud Agerlie, og som referent Kåre Olav Aldal.

Til å skriva under møteboka vart valt Else Mari Veka Rasdal og Jan Rasdal.

Det var ingen merknader til kunngjeringa av årsmøtet.

Årsmelding: Kåre Olav Aldal las opp årsmeldinga, som og var kopiert opp og utdelt. Noko av ordlyden i årsmeldinga må endrast grunna Knut Hjørnevik sin bortgang. Elles vart årsmeldinga godkjent. Det vart noko ordskifte vedkomande omtale av årboka i avisa «Hordaland», som var nemnt i årsmeldinga.

Rekneskap: Svein Mykkeltvedt delte ut samandrag av rekneskapen for 2021, og gjekk gjennom kvar enkelt post. Kapitalen har auka med kr 4105,34 dette året. Det var ingen merknader til rekneskapen.

Val: Anny Forthun og Jan Rasdal møtte frå valnemnda. Jan presenterte framlegg til dei enkelte verv.

Styret i 2021 har vore:

Leiar:	Grethe Finsrud Agerlie	valt for 1 år i 2021
Nestleiar:	Knut Mestad	valt for 2 år i 2021
Kasserar	Svein Mykkeltvedt	valt for 2 år i 2020
Skrivar	Kåre Olav Aldal	valt for 2 år i 2020
Styremedlem	Dag Finne	valt for 2 år i 2021
Varamedlem:	Kjellaug Århus	valt for 1 år i 2021
	Kåre Tufte	valt for 1 år i 2021
Revisorar:	Ivar Hernes	valt for 1 år i 2021
	Norvald Lien Mugås	valt for 1 år i 2021

Fylgjande framlegg frå valnemnda vart samrøystes valt med akklamasjon av årsmøtelyden:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie	attval for 1 år i 2022
Styremedlemer:	
Knut Mestad	ikkje på val
Svein Mykkeltvedt	attval for 2 år i 2022
Kåre Olav Aldal	attval for 2 år i 2022
Dag Finne	ikkje på val

Varamedlemer:	
Kjellaug Århus	attval for 1 år i 2022
Kåre Tufte	attval for 1 år i 2022

Revisorar:	
Ivar Hernes	attval for 1 år i 2022
Norvald Lien Mugås	attval for 1 år i 2022

Valnemnda for 2021 har vore:	
Anny Forthun, leiar	valt for 3 år i 2021
Jan Rasdal	valt for 3 år i 2019
Torild F. Velure	valt for 3 år i 2020

Ny valnemnd:

Anny Forthun, leiar	valt for 3 år i 2021
Torild Finsrud Velure	valt for 3 år i 2020
Else Mari Veka Rasdal	valt for 3 år i 2022

Innkomne saker:

Vedtektsendring. Styret i Vassvøri sogelag la fram forslag til endring i vedtektene, § 7. Paragrafen har fylgjande ordlyd: «Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar. Det skal gjerast kjent i lokalpressa og ved oppslag 3 veker før møtet vert halde».

Forslag til endring: «Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av april. Det skal gjerast kjent på Heimesida til Vassvøri sogelag, i e-post til medlemer, på Facebook-sida til sogelaget og ved oppslag 3 veker før møtet vert halde». Det kom forslag om å føya til at oppslag skal vera på Brekkhus, i Evanger sentrum og på Bolstad. Med denne tilføyinga vart endringa godkjent.

Kåseri: Knut K. Finne hadde sagt seg villig til å halda eit kåseri om emnet «Voss i tida etter Svartedauden». Han kunne dessverre ikkje møta grunna sjukdom, så kåseriet gjekk difor ut.

Årsmøte i Hordaland sogelag og kulturhistoriske dagar på Stord 16.-17.oktober 2021.

Guri og Øivind Teigen møtte som utsendingar frå Vassvøri sogelag. Øivind refererte frå denne samlinga, der dei mellom anna fekk omvising i dei nedlagde ssvovelkis-gruvene på Litlabø. I tillegg til årsmøtesaker og festmiddag vitja dei og Høgskulen på Vestlandet (Tidlegare Stord Lærarskule). Det var ei interessant og minnerik samling for utsendingane.

Handlingsplan:

Grethe gjorde greie for kva planar sogelaget har for dette året:

- Delta på Evangerlaurdag
- Kulturvandring
- Kulturminnedagen 3.september: Sogelaget skal ha ei utstilling av bøker mm. i heradshuset denne dagen. Dette er eit samarbeid med Voss Kunst og Kultur, som arrangerer Kunst og Kulturvandring på Voss.

- Årboka «Frå fjell til fjord»
- Knute Nelson-stova: Sogelaget har framleis avtale med Voss herad om mindre vedlikehaldsarbeid, mellom anna slått rundt husa. Trapp og inngangsparti har vore i ustand i fleire år. Ny eigar av nabohuset har no inngått eit samarbeid med heradet, då det er trong for utbetring av murar, trapp mm. på begge husa. Planlagt utbetring av firmaet Stibbyggjaren går difor ut.

Søknad om tilskot: Styret har søkt Voss herad om tilskot til utgjeving av «Frå fjell til fjord».

Stadnamn: Arne Skjerven peika på at ein del stadnamn vert endra ved mistydingar. Han meinte at det kan vera på sin plass å gå gjennom og eventuelt retta opp stadnamn som endrar skrivemåte og uttale.

Takk for innsatsen: Grethe delte ut gåver til skriftnemnda, som takk for godt arbeid. I tillegg fekk Ottar Bergstad gåve for stor innstats ved sal av årboka.

Grethe takka møtelyden for frammøtet, og ynskte alle vel heim.

underskrift ref.

underskrift

underskrift